

Interkommunalt planutval (IKPU) - Interkommunal plan for sjøareal i Nordhordland

Møte: 04
Tid: Måndag 21.06.2021 kl. 12.30 – 13.30
Stad: Teamsmøte

Til stades:

IKPU:	Anne Grete Eide (Alver), Stian Herøy (Fedje), Hallvard Oppedal (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal)
Arbeidsgruppa	
Andre:	Hans Kristian Dolmen (HK), Bent Gunnar Næss (BG)
Referent	Bent Gunnar Næss
Forfall	Per Lerøy (Austrheim)

Sak 05/21	<p>Godkjenning – sakliste og innkalling</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til sakliste og innkalling.</p>
Sak 06/21	<p>Godkjenning av referat frå førre møte</p> <p>Vedtak: Det var ingen merknad til referatet.</p>
Sak 07/21	<p>Planprogrammet – vedtak</p> <p>Vedlegg til saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forslag planprogram – revidert planprogram • Notat med gjennomgang av innspel til planprogrammet og forslag til eventuell endring • Liste over avsendarar av innspel <p>Det Interkommunale planutvalet for sjøareal har fått delegert mynde til å vedta planprogrammet.</p> <p>Saksopplysningar: Planprogrammet som IKPU vedtok i sak 03/21 vart sendt ut på høyring 03.03.2021. Det var også kunngjort i lokalavisene og på nettet til Regionrådet og kommunane. Frist for å kome med innspel var 10.05.2021. Det kom inn 45 innspel også nokon etter fristen som ein har valt å ta med.</p> <p>I høyringa vart det etterspurt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Innspel og kommentarar til sjølve planprogrammet • Innspel til planinnhald/arealbruken <p>I denne saka er det gjennomgang av dei innspela som gjeld sjølve planprogrammet (sjå sak 08/21 for arealinnspel).</p>

	<p>I høyringsperioden har planforslaget blitt særskilt presentert for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Nordhordland Næringslag • Miljø og friluft ved – Bergen og Omland friluftsråd, Naturvernforbundet Nordhordland og Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland og Sogn og Fjordane • Planutvalet i fylket <p>Høyringa til planprogrammet har skjedd på ein god og forsvarleg måte.</p> <p>Gjennomgangen av innspela er gjort i eit eige notat som er lagt ved saka. Innspela er lagt fram for Arbeidsgruppa (møte 08.06.21) som har gått gjennom innspela til endringar og forslag/utkast til endringar i planprogrammet. Konklusjonen til arbeidsgruppa var at dei endringane som er foreslått til planprogrammet er å sjå på som mindre justeringar og at IKPU bør kunne vedta eit endeleg planprogram innafor den vedtakskompetansen som IKPU har fått delegert.</p> <p>Formannskapet i Fedje kommune har 08.06.21 i sak 053/21 gjort samrøystes vedtak om at ein vil stoppe vidare arbeid med vindmøller på alle plan. Denne saka skal handsamast av kommunestyret i 17.06.21. Dersom kommunestyret sluttar seg til det vil det som står om vindmøller blir tatt ut av planprogrammet. (merka med gult)</p> <p>Forslag til vedtak: Det interkommunale planutvalet for sjøareal i Nordhordland vedtek framlegg til planprogram slik det ligg føre.</p> <p>Dette skjedde i møte: Kommunestyret i Fedje (17.06.21 – sak 043/21) vedtok at ein vil stoppe arbeidet med vindmøller på alle plan. Gjennomgangen av planprogrammet var difor utan «vindmøller» og det er den versjonen som IKPU får framlagt til vedtak. Når Fedje ber om at det vert tatt ut av planprogrammet så er det ikkje problematisk for IKPU og vedta planprogrammet der dette er tatt ut.</p> <p>Innspela til planprogrammet og forslag til endringar og revidert planprogram vart gått igjennom av Hans Kristian Dolmen og Bent Gunnar Næss.</p> <p>IKPU hadde ingen merknadar til det som vart lagt fram.</p> <p>Vedtak: Det interkommunale planutvalet for sjøareal i Nordhordland vedtek framlegg til planprogram slik det ligg føre.</p>
<p>Sak 08/21</p>	<p>Innspel – areal – spesielt dette om lokalitetar for akvakultur og behov for større areal og endring struktur</p> <p>Vedlegg til saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Notat – gjennomgang av arealinnspele • Notat – som særleg oppsummerte dei forslaga til endringar for akvakultur – både konkrete areal og meir prinsipielt <p>For akvakultur er der forventningar og konkrete innspel om at det må sjåast på om der kan bli endringar i lokalitetar og større lokalitetar. Det vert argumentert for at dette er viktig for å få ei berekraftig utvikling av næringa.</p> <p>For å følgje opp dette vidare konkret er det forslag om at:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Besøke dei bedriftene som har kome med konkrete arealinnspele. Her bør også kommunen sin representant i IKPU og arbeidsgruppa vere med.

	<ul style="list-style-type: none"> • Dagsmøte i september/oktober der dette vert tema. I første omgang er det for å få belyst problemstillingane og begynne å sjå på kva som er mogleg å få til. Leiar i IKPU vert med i ein «programkomite». <p>Dette skjedde i møte:</p> <p>Det vart også understreka at kommunen sitt medlem i IKPU og medlemmet i arbeidsgruppa må ta ein gjennomgang av dei arealinnspele som gjeld eigen kommune.</p> <p>BG tek kontakt med aktuelle akvakultur anlegg for befarings/møte og finn tidspunkt som kan passe. Dette vert koordinert med kommunen sitt medlem i IKPU og arbeidsgruppa.</p> <p>IKPU støtta forslaget om å få til eit dagsmøte og leiar i IKPU vert med i programkomiteen.</p> <p>Vedtak: IKPU vedtok å følge opp dette slik forslaget er i saksutgreiinga.</p>
<p>Sak 09/21</p>	<p>Eventuelt – orienteringar</p> <ul style="list-style-type: none"> • Asplan Viak AS er valt som leverandør/bistand til å delta i prosjektarbeidet • Skjønnsmidlar – prosjektet har fått løyvd kr 600 000,- frå Statsforvaltaren • Neste møte i IKPU vert etter dagsmøte om akvakultur og arealbehov/endingar <p>Knarvik, 21. juni 2021</p>